

# Årsplan 2015-2017 for Det samfunnsvitenskaplege fakultet

## INNLEIING

Årsplanen er treårig og vert revidert årleg. Universitetsstyret sine overordna prioriteringar er styrande for prioriteringane på fakultets- og instituttnivå. Kvalitet i forskning og utdanning er overordna mål for fakultetet, og førande for alle andre tiltak og aktivitetar. Universitetsstyret har vedteke at *tverrfagleg verksemd* skal vere hovudprioriteringa i 2015, medan *lærings- og arbeidsmiljø* er hovudprioriteringar i 2016.

Sentrale mål for SV-fakultetet i 2015-2017 er:

- Betre synleggjing av samfunnsvitenskapen si rolle når det gjeld å løyse globale utfordringar
- Auka internasjonalisering av forskning og utdanning
- Identifisere og utvikle lovande nye forskingsgrupper og - prosjekt
- Stimulere til meir fagleg samarbeid mellom fakultetet sine grunneiningar
- Utvikle meir varierte undervisnings- og evalueringsformer

## Eit grensesprengande universitet

**Mål 1:** Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal vere mellom dei beste samfunnsvitenskaplege fagmiljøa i Norden, og hevde seg sterkt i internasjonal samanheng.

### *Prioriterte strategiar*

## Årsplan 2015-2017 – Det samfunnsvitenskaplege fakultet

Fakultetet skal bruke konkurransen om ekstern finansiering, særskilt i Norges forskningsråd og European Research Area (ERA), som middel for å identifisere og utvikle lovande nye forskingsgrupper og- prosjekt. Fakultetet skal legge til rette for internasjonal nettverksbygging og stimulere til samarbeid mellom fakultetet sine grunneiningar.

### **Tiltak 1: Styrke og spisse engasjementet rundt eksterntfinansiert verksemd**

Stimulere og assistere forskingsmiljøa for å auke moglegheitene til å lukkast med eksterne søknadsprosessar, som SFF og Horisont 2020.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Sette av såkornmidlar (NOK 300 000) i budsjettet for 2015 (tildelast lovande prosjekt etter søknad).

Sette av midlar til søknadsutvikling til Horisont 2020 (NOK 200 000) i budsjettet for 2015 (tildelast etter søknad).

Sette av midlar (NOK 800 000) til søknadsutvikling fram mot SFF-søknadsfristen i 2015 (tildelast fire prosjektskisser etter utveljing).

Tildele tre ph.d.-stillingar til lovande nye forskargrupper og prosjekt.

Sette av midlar til at FANE-teamet ved fakultetet kan reise på studietur til Brussel for å auke kunnskapen om EU-finansiering (NOK 100 000) i budsjettet for 2015.

Oppmode til at fakultetet sine forskarar deltek i arbeid med utvikling av program og som evaluatarar av søknader innanfor European Research Area.

Tilby yngre forskarar opplæring i EU-systemet.

Arrangere workshop for fakultetet sine ERC-søkarar.

Bidra til å utvikle og etablere fellesgrader, f.eks. innanfor Marie Curie- området.

Ansvar: Forskingsdekan.

### **Tiltak 2: Utnytte tverrfagleg verksemd som eit middel for nyskapande forskning og utdanning**

Legge til rette for deltaking i relevante tverrfakultære satsingar og annan tverrfagleg aktivitet, slik at fakultetet sine forskingsmiljø vil vere i stand til å hevde seg på den internasjonale arenaen og i søknadssamanheng.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Arbeide for å sikre strukturar innanfor dei nye tverrfakultære satsingane som vil fremje tverrfagleg forskning på høgt nivå innanfor: Unpacking the Nordic model; UiO Energi; Livsvitenskap; Global Governance; Demokratiprogrammet.

Gjennomføre avslutningskonferanse for Demokratiprogrammet.

Ansvar: Forskingsdekan.

## Læringsuniversitetet

**Mål 2:** Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal utdanne høgt kvalifiserte kandidatar som er attraktive på arbeidsmarknaden og gje dei eit godt grunnlag for vidare utvikling som samfunnsmedlemmer og fagpersonar. Studiane fakultetet tilbyr skal vere forskningsbaserte og utdanne for avanserte oppgåveløysingar innanfor eit vidt spekter av arbeidsområde og gje eit godt grunnlag for vidare forskaropplæring gjennom vektlegging av teori og metodar.

### ***Prioriterte strategiar***

Fakultetet skal ha dialog med arbeidslivet for å sikre at utdanningsløpa er i samsvar med samfunnet sine behov.

Fakultetet skal arbeide for større variasjon i undervisnings- og evalueringsformer på studieprogramma, og prøve ut nye måtar å undervise og gjennomføre eksamen på.

Forskarutdanning er eit av fakultetet sine samfunnsoppdrag og viktig også for framtidig rekruttering. Tettare oppfølging og integrering i fagmiljøet vil framleis vere viktige tiltak for å styrke kvaliteten i forskarutdanninga.

### **Tiltak 3: Nyskaping i undervisning og evaluering-**

Fakultetet skal arbeide for meir variasjon på undervisningsområdet, for å heve studiekvaliteten og gjere kandidatane betre rusta til å møte arbeidslivet sine kompetansebehov. Fakultetet skal systematisk prøve ut nye undervisnings- og evalueringsformer, spesielt former som trekkjer studentane meir aktivt inn.

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar for gjennomføring:

2015: Fortløpande evaluering av seminarundervisninga ved fakultetet

2015: Examen Facultatum skal prøve ut fleirvalsprøve som vurderingsform.

2015: Tildele stimuleringsmidler til eininga for vidare utvikling/utprøving av meir varierte undervisnings- og evalueringsmetodar, særleg med tanke på fleirvalsprøver, evt. også utvikle «Moocs». Budsjett: 100 000 kr.

2015: Tildele stimuleringsmidler til styrking av studiekvaliteten på bachelorprogrammet i statsvitenskap. Budsjett: 700 000 kr.

2015 (26. januar): Workshop for tilsette om nye undervisnings- og evalueringsformer, med spesiell vekt på bruk av elektroniske verkty.

2015: Prøve ut elektronisk (papirlaus) eksamen (skuleeksamen utan hjelpemidlar på PC).

2015: Følgje opp emnegjennomgangen frå 2014 særleg i spørsmål om emna er tilstrekkeleg utfordrande for studentane og om det er tilstrekkeleg innslag av smågruppe- eller seminarundervisning.

2015 September/oktober: Arrangere seminar for Forum for studiespørsmål. Budsjett: 100 000 kr.

Bidra til å heve det faglege innhaldet ved studiestart, medrekna betre avklaring av kva som forventast av studentane for å lukkast med studiane.

Halde fram med samarbeidet med UD om internships for studentane.

Ansvar: Studiedekan.

**Tiltak 4: Rekruttering til studieprogram-**

Sikre god rekruttering, betre kjønnsbalanse og kulturelt mangfald i studieprogramma.

Frist for gjennomføring: 2016.

Milepelar for gjennomføring:

Følgje opp langsiktig rekrutteringsplan med konkrete mål og rekrutteringstiltak; gjennomføre skulebesøk, særleg til skular med høg del minoritetar, utvikling av samarbeid med MIFA.

Rekrutteringstiltak i regi av grunneiningane skal koordinerast for å sikre samarbeid og idéutveksling. Fakultetet skal også prøve ut konkurransar som tiltak for å auke interessa for samfunnsfag, til dømes i samband med Åpen Dag i mars.

Følgje opp og evaluere rekrutteringstiltak ved PSI med tanke på effekt og overføringsverdi til andre program med skeiv kjønnsbalanse.

Vurdere kvotering ved opptak til profesjonsprogrammet i psykologi.

Følgje opp UiO sitt samarbeid med Blindern videregående skole.

1. juni 2015: Søkje likestillingsmidlar frå UiO sentralt.

Ansvar Studiedekan.

**Tiltak 5: Internasjonalisering av studiane ved fakultetet.**

Gjere tilbodet av engelskspråklege emne meir føreseieleg for innreisande studentar. Fakultetet vil arbeide for å tilby (minst) 30 studiepoeng på engelsk på alle studieprogram.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Januar 2015: Fakultetet sender ut brev til institutta.

Ansvar: Studiedekan.

**Tiltak 6: Delta aktivt i vidareutviklinga av Lektorprogrammet (LeP) ved UiO**

Gje lektorprogrammet ved UiO ein tydeligare samfunnsfagleg profil

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Tilsette ein vitenskapleg medarbeidar i full stilling for å arbeide med LeP på fakultetet. Stillinga skal leggast til den eininga som fagleg sett ligg nærast for den som vert tilsett.

Vurdere å etablere eit eige innføringsemne for LeP-studentar, eventuelt andre kullfremjande tiltak.  
Integrere praksis i masterdelen av LeP.

Ansvar: Studiedekan.

**Tiltak 7: Leggje til rette for ei eittårig påbygging til utanlandske eitt-årige mastergradar**

Dette vil vere ein *de facto* fellesgrad som gjev ein fullverdig (2-årig) mastergrad, og grunnlag for opptak til ph.d.-programma ved fakultetet. Påbygginga kan også brukast som EVU for samfunnsforskarar.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Følgje opp Institutt for statsvitenskap som vurderer ein påbyggingsvariant i samarbeid med University of California, San Diego, UCSD

Informere om eksisterande moglegheiter for innpassing av ekstern utdanning ved einingane.

Ansvar: Studiedekan og forskningsdekan.

**Tiltak 8: Gjennomføre ei ekstern evaluering av ph.d.-programmet ved fakultetet**

Gjennomføre ei ekstern evaluering av ph.d.-programmet for å klargjere forbettingspotensialet for programmet og følge opp krav til kvalitetssikring.

Frist for gjennomføring: 2016.

Milepelar for gjennomføring:

Starte ein prosess i 2015 for å avklare korleis evalueringa skal gjennomførast, til dømes om den skal omfatte heile programmet eller berre ein skilde studieretningar.

Ansvar: Forskingsdekan.

**Tiltak 9: Følgje opp ph.d.-kandidatane si gjennomføringstid**

Kartlegge kor lang tid ph.d.-kandidatane brukar (brutto og netto) på ph.d.-utdanninga.

Diskutere tiltak for å auke talet på kandidatar som fullfører på normert tid.

Tilby kurs i generiske ferdigheiter og rettleiaropplæring for å gi kandidatane betre føresetnader for å administrere eigen forskingsprosess.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Vidareføre arbeidet med kullstudiar.

Avklare med universitetsleiinga fordeling og ansvar for tilbodet av kurs i generiske ferdigheiter og rettleingsopplæring.

Ansvar: Forskingsdekan.

## Eit samfunnsengasjert universitet

**Mål 3:** Dei globale samfunnsutfordringane, som t.d. klima, miljø, energi, helse, migrasjon, aldring, fattigdom og sikkerheit, kan ikkje løysast utan samfunnsvitenskapleg forskning. Fakultetet skal vere ein naturleg strategisk partner i alle større tverrfaglege forskingssatsingar og bidra med samfunnsvitenskaplege perspektiv på globale utfordringar.

### *Prioriterte strategiar*

Fakultetet skal arbeide systematisk med profilering og formidling, både internt og eksternt. Fakultetet skal ta initiativ og nytte seg av dei høve som byr seg til synleggjering, til dømes Forskingsdagane og Eilert Sundt-forelesinga. Fakultetet skal halde fram med forskingsbasert formidling og profilering av forskning på eigne nettsider.

### **Tiltak 10: Synleggjere SV-fakultetet og samfunnsvitenskapleg forskning**

sv.uio.no skal formidle breidda av forskning på fakultetet sine einingar både gjennom nyhendesaker og gjennom fana Forsking – Vi forsker på. Profilere fakultetet på ein god måte gjennom ulike arrangement. Bidra med innspel til policy-dokument ved UiO, nasjonalt og i europeisk samanheng.

Frist: 2015.

Milepelar:

Nominere SV-tilsette til prisar og utmerkingar.

Nominere 4 studentar til Våg å vite-prisen årleg fram til 2019. Budsjett: 40 000 årlig.

Synleggjere aktivitetar og forskning. Gjennom til dømes Sentralbanksjefens tale og Eilert Sundt- forelesningen.

Bruke sosiale media til å profilere fakultetet si forskning.

Arbeide for å få forskingsnyhende formidla nasjonalt og internasjonalt.

Vere godt synleg på Forskningstorget 2015.

Ansvar: Dekan.

## Eit handlekraftig universitet

**Mål 4:** Det samfunnsvitenskaplege fakultet skal forvalte sine samla ressursar slik at dei bidreg til at fakultetet utviklar robuste forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet.

### *Prioriterte strategiar*

Fakultetet skal lage støtteordningar som fremjar forskarar sine moglegheiter til å sikre ekstern finansiering av gode forskingsprosjekt. Fakultetet skal stø opp under innovasjonsinitiativ retta mot næringsliv, offentlig forvaltning og friviljug sektor

**Tiltak 11: Bidra til ein enklare kvardag for prosjektleiarar**

Profesjonalisere administrativ støtte til prosjektleiarar. Følgje opp ERC-søkarar med tiltak. Ha høg kvalitet på teknisk infrastruktur (IT/AV). Trene og praktisere prøveintervju.

Frist: 2015.

Ansvar: Fakultetsdirektør /økonomileiar

**Det gode universitetet**

**Mål 5:** Fakultetet skal ha attraktive og konkurransedyktige fagmiljø med godt arbeidsmiljø for studentar og tilsette. Arbeidsmiljøet skal vere kjenneteikna av likeverd og respekt, engasjement og deltaking.

**Prioriterte strategiar**

Fakultetet skal styrke leing og avklare forventningar til leiarskap. Fakultetet skal ha ein målretta og effektiv ressursbruk og arbeide for føremålstenleg og rasjonell arbeidsdeling mellom grunneiningar, og mellom grunneiningar og fakultet.

**Tiltak 12: Alle tilsette skal ha tilbod om personleg og fagleg utvikling**

Behovet for kompetanseutvikling skal vere tema i medarbeidarsamtalar. Det skal utviklast eit tilbod tilpassa behov og tilgjengelege ressursar (jf. UiO Årsplan).

Frist for gjennomføring: 2015

Milepelar:

Gjennomføre medarbeidarsamtalar.

Sikre at alle grunneiningane har introduksjonsprogram for nytilsette.

Følgje opp nytilsette leiarar og gi tilbod om opplæring/coach.

Ansvar: Dekan.

**Tiltak 13: Gjennomgå styrings- og leiingsstrukturen og sikre framtidig rekruttering av leiarar på ulike nivå ved fakultetet**

Sikre at alle nye leiarar ved fakultetet får tilbod om leiaropplæring. Legge til rette for framtidig leiarrekruttering og ein forsvarleg og effektiv leiings- og styringsstruktur. Følgje opp fakultetet sin handlingsplan for likestilling for perioden 2012-2020.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar: Oppmode til deltaking i leiarkurs i regi av UiO i 2015 og 2016 (særleg studieleiar- og forskingsleiar kurs). Planlegge opplæring av nye leiarar i 2015. Avklare spørsmålet om val av leiar- og styringsstruktur med tanke på nyval for perioden 2016-2019. Handlingsplan for likestilling skal vidareførast og følgjast opp.

Ansvar: Dekan.

#### **Tiltak 14: Sikre at alle vitenskaplege tilsette har pedagogisk basiskompetanse**

Følgje opp at alle vitenskaplege tilsette oppfyller krava til pedagogisk basiskompetanse. Tilby kurs på engelsk tilpassa tilsette med ikkje-nordisk språkbakgrunn og vurdere kortare kurs tilpassa mellombelse tilsette (stipendiatar og postdoktorar).

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Utnytte dei øyremerkte ressursane Fagområdet for universitetspedagogikk har til samarbeid med fakultetet

Følgje opp einingane sitt arbeid med å sikre at alle har gjennomført kursa.

Halde fram arbeidet med å sikre betre tilpassa kurs for stipendiatar og postdoktorar.

Ansvar: Dekan.

#### **Tiltak 15: Sikre eit forsvarleg forskings- og læringsmiljø for tilsette og studentar**

Arbeide for å sikre fakultetet naudsynte framtidige areal i samband med drøftingane i kjølvatnet av ny masterplan for areal ved UiO. Følgje opp mindre prosjekt ved fakultetet.

Frist for gjennomføring: 2015.

Milepelar for gjennomføring:

Opprusting av foajé og Infosenter i ESH ferdigstillast.

Tilleggsareal til PSI.

Sikre adekvate areal til digital eksamen.

Kabling av lesesalsplassar i A-blokka ESH.

Ansvar: Fakultetsdirektør.



**Vedlegg: Tabellar**

1. Resultatindikatorar (2010 – 2013) med ambisjonar for 2014-2017
2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane (2010-2013) med ambisjonar for 2014-2017

Tabell 1. Resultatindikatorar med ambisjonar	Resultat				Ambisjonar			
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Nye studiepoeng per heiltidsekvivalent	38,3	42,5	42,7	42,3	42,3	42,6	42,8	43,0
Gj.snittlig gj.føringstid ph.d.-kandidatar	4	3,7	3,6	4,6	3,5	3,5	3,5	3,5
Studentmobilitet - Prosentdel utvekslingsstudentar av alle stud	9,8 %	9,2 %	9,7 %	9,3 %	10,7 %	10,9 %	11,3 %	11,3 %
Publikasjonspoeng pr vit. årsverk UiO ambisjon 2014: 1,35	1,50	1,60	1,40	1,40	1,35	1,37	1,37	1,38
EU-tildeling - volum i tusen. UiO ambisjon 2014: 90% vekst av gjsn siste 3 år	5 569	2 080	14 607	16 678	16 000	18 000	20 000	22000
NFR-tildeling - volum i tusen. UiO ambisjon 2014: 7% vekst av gjsn siste 3 år	46 652	48 815	68 517	55 903	70 000	70 000	70000	70000
Tabell 2. Grunnlagsdata for resultatindikatorane	Resultat				Ambisjonar			
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Publikasjonspoeng. UiO ambisjon 10% vekst	477	510	495	502	506	526	536	546
Vitenskaplege årsverk inkl. stipendiatar	319	320	363	373	375	385	390	395
Utvekslingsstudentar. UiO ambisjon: 10,5% av alle studentar	514	469	485	462	470	480	500	500
Nye studiepoeng	3327	3252	3177	3 098	3 070	3050	3030	3010
Heiltidsekvivalentar (hausttal)	5 213	4 590	4 467	4 397	4350	4300	4250	4200